

# **Møte i FAU ved Meland ungdomsskule**

**Dato: 11. februar 2019 kl 19-20.30**

## Til stades:

Hilde Brendehaug Hugaas (rektor)

Lilli-Ann Hagen (8A)

Aslaug Aalen (9B)

Nina Cecilie Spurkeland (10A)

Meibel Våge (10B)

## Ikkje til stades:

Erik Steffensen (8B)

Mona Grasdal Lampa (9A)

## Sakliste:

29. Godkjenning av referat og sakliste

30. Skuleball 15. februar, ballkomiteen deltek

31. Ny ungdomsskule – status og tiltak framover

32. Planlegging av kveldsskule våren 2019

33. Info frå rektor

- budsjettet 2019, resultat av rektormøte om fordeling av midlar

- evt andre

34. Eventuelt

## Referat frå FAU-møtet

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
29.	Godkjenning av referat og sakliste	Godkjent.	Det manglar framleis vara for 9A. <b>Rektor</b> følgjer opp at varamedlem er på plass innan neste møte (25. mars).
30.	Skuleball 15. februar, ballkomiteen deltek	Alexander og Stefan møtte frå ballkomiteen. Budsjett er sett opp. Ca 100 påmelde. FAU stiller med 12 vakter + 18 store pizzaer. Ingen bruk av røykmaskin. Lærar Marit blir med som vakt om kvelden. Ho har lister med namn og tlf nr til foreldre. Programmet for kvelden blir mat, underhaldning, disco og diverse kåringar (godkjent av skulen). Sekkar og jakker blir sjekka når ungdommane kjem. Garderobane skal være låst og vakt passe på. Viss nokon forlet området/arrangementet, får dei ikkje kome tilbake.	<b>Aslaug</b> sjekkar brannrutiner med Trond Egil Soltvedt og sender påminning på sms til FAU-vakter (vakter må ta med eigen refleksvest). <b>Aslaug og Lilli-Ann</b> møter fredag kl 19. <b>Lilli-Ann</b> hentar brus på Rema for levering på Meland Aktiv kl 19. <b>Foreldre til ungdommar i ballkomiteen</b> må ta med tomflasker etter arrangementet. <b>Rektor</b> varslar politiet om arrangementet. <b>Rektor</b> sender sms til alle foreldre torsdag 14. februar med info om at ballet er eit rusfritt arrangement og at foreldre må vere tilgjengelege på kort varsel for å hente sin ungdom dersom deira ungdom skulle bli bortvist frå arrangementet.
31.	Ny ungdomsskule – status og tiltak framover		Sak utsett til neste møte (25. mars).
32.	Planlegging av kveldsskule våren 2019	Dato ikkje bestemt, men blir ein gong i april/mai. Skulen arrangerer. Klassekontaktar blir bedne om å sørge for	<b>Rektor</b> tek kontakt med Aslaug viss det er behov for avklaringar frå FAU før neste møte (25. mars).

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
		lett servering (kaffi/saft/frukt/kaker). FAU kom med innspel til tema for kveldsskulen. Ulike alternativ diskutert.	
33.	Info frå rektor	Rektor informerte om resultat av rektormøte om fordeling av midlar i budsjettet for 2019. For våren 2019 blir det ingen endringar i forhold til hausten 2018 (får behalde TL-ordning, kantine og to kontaktlærarar per trinn). Hausten 2019 vil nye 8. klassar berre ha ein kontaktlærer, men det er færre elevar i kvar klasse enn no. Nye 9. og 10. klassar får behalde to kontaktlærarar.	
34.	Eventuelt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Positive tilbakemeldingar på aktivitetkvelden for 8. klasse. Innspel om å vurdere ein meir aktiv seanse for foreldre, og ikkje berre eit føredrag. Hugs til neste år at det må være ein vaksen i kafeen i tillegg til dei som hjelper til på aktivitetane.</li> <li>• Ungdomskoordinator Susanne ønskjer kontakt med FAU på ungdomsskulen.</li> <li>• Neste møte blir måndag 25. mars kl 19-20.30.</li> </ul>	<b>Lilli-Ann</b> inviterer Susanne til neste FAU møte (25. mars).